



## Byglandsnytt nr.16 – desember 2020

Juleutgåve 2020 blir distribuert til alle husstandane i Bygland.

**Bygland kommune ønsker alle ei god jul!**



### Informasjon frå Bygland kommune

Bygland kommune, Sentrum 18, 4745 Bygland – tlf. 37934700, [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no)


**Neste utgåve: 5. januar** - Send tips om arrangement til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no) innan 28.12.

Bygland kommune si heimeside er: [www.bygland.kommune.no](http://www.bygland.kommune.no)

### Jolehelsing frå ordføreren

#### Kjære sambygdingar

Jola nærmer seg med stormskritt og året 2020 er snart historie. Då er det tid for eit lite tilbakeblikk på året som snart er omme.



Som ny ordførar såg eg ved starten av 2020 verkeleg fram til å, saman med resten av kommunestyret, arbeide for å få til ny næringsvirksomhet, samt få nye innbyggjarar til kommunen.

Å få snudd ei negativ folketals-utvikling, etablere nye arbeidsplassar i kommunen og regionen, samt trygge dei arbeidsplassane me har, er viktig for å nå ei slik målsetjing.

Så kom 12. mars!!! Pandemi med viruset Covid 19 endra plutselig heile kvardagen vår. I staden for konstruktive møte med fokus på utvikling av kommunen, vart det møte i kriseleiinga med fokus på å hindre virusmitte blant innbyggjarane. Barnehagar og skular vart stengde og bebuarane på Byglandsheimen delvis isolerte. Sosiale møtestader og treningssentra vart stengde, reiserestriksjonar vart innført, og arbeidet i høve næringslivet vart snudd til og ha fokus på at arbeidsplassar ikkje skulle gå tapt. Håpet var at pandemien skulle bekjempast fortast mogleg og at samfunnet kunne fungere normalt igjen. I løpet av sumaren såg det ut til å gå rette veggen med få

smittetilfelle, og at me så smått kunne belage åkke på å ein litt meir normalisert kvardag.

Men slik gjekk det diverre ikkje. Nye utbrudd av smitte, førte til nye strenge restriksjonar i kvardagen. Situasjonen ved utgangen av 2020 er slik at dette viruset vil me måtte leve med lenge ennå. La åkke håpe at restriksjonane vil føre til at smittespredninga vert redusert til eit minimum, og at me kan få ei vaksine mot dette viruset i overskueleg framtid. Eg takkar dykk alle for å ha følgd dei restriksjonar som til ei kvar tid har vore gjeldande, og som sånn har bidrege til at me her i vår kommune fram til nå har hatt sers få tilfelle av smitte.

Me har ein svært stram kommuneøkonomi som krev at me styrer effektivt og utnytter dei ressursane me har på ein god måte. Rammeoverføringane frå staten vert mindre og det rammar små kommunar sers hardt. Låge straumprisar er me glade for privat, men for kommuneøkonomien betyr dette reduserte inntekter til å drive kommunen for. Det reduserer moglegheiten for å investere i nye tiltak til glede og nytte for innbyggjarane.

Siste kommunestyret for i år vert den 10. desember, og budsjett og økonomiplan er ein av fleire saker som skal handsamast. Slik kommuneøkonomien er pr i dag, må me prioritere hardt. Me må sikre at me kan ha ein økonomi i åra frametter som gjer at me fortsatt har gode tenester for innbyggjarane. Det er ein vanskelig oppgåve, men som folkevalgte er dette ei oppgåve og eit ansvar me er valt av dykk for å ta.

Eg registrerer at det politiske klimaet i Bygland er godt, og det er viktig om me skal klare å gjere en best mogleg jobb og forvalte felleskapets ressursar på ein god måte. Det skal sjølvsagt vere rom for ueinighet, men mi klare målsetjing har vore å skape eit politisk klima der åpenhet, respekt og mangfold råder. Dei beste politiske vedtaka skal formast i dialogens teikn og at alle kjenner at "vi følelsen" er framtreddande.

Eg vil benytte høvet til å takke alle i kommunestyret for å ha bidrege til akkurat det.

Ved starten av 2020, fekk eg melding frå kommunens mangeårige økonomisjef og rådmann/kommunedirektør, Aasmund Lauvdal, om at han hadde ynskje om å trekke seg attende og gå over i pensjonistenes rekke ved utgangen av 2020. Aasmund har tenestegjort i desse to funksjonane i heile 32 år.

Eg vil takke Aasmund Lauvdal for innsatsen hans for Bygland kommune gjennom alle desse åra, og for hans bidrag til eit godt samarbeidsklima mellom politikk og administrasjon.

Beslutninga til Aasmund Lauvdal om å trekkje seg attende, medførte også at det i 2020 har vorten gjennomført rekrutteringsprosess for å få tilsett ny kommunedirektør. Med fleire gode kandidater på søkjarlista, tilsette kommunestyret i sitt junimøte John Salve Sigridnes. Han tiltrådte stillinga i Bygland den 10. november, og eg vil ynskje John Salve hjarteleg velkommen som ny leiar av administrasjonen i Bygland kommune.

Eg vil takke alle tilsette i Bygland kommune som kvar dag stend på for å gje innbyggjarane dei beste tenestane til både unge og eldre.

Eg vil også takke næringslivet som gjennom verdfull innsats skapar vekst og arbeidsplassar i vår kommune.

Takk til lag, foreningar og frivilljuge for det uvurderlege arbeidet dykk gjer i vårt lokalsamfunn. De bidreg til eit godt oppvekstmiljø for born og unge og gledar unge og eldre med ulike gode opplevingar.

Til slutt: Jola 2020 kan for nokon verta annleis enn tidligare på grunn av pandemi med viruset Covid 19. Difor har me etablert ei arbeidsgruppe med oppgåve å finne ordningar som skal sikre at alle skal få ei gledeleg og fin jol. Det gjeld m.a hjelp til jolehandel, sosialt samvær i jola, i det heile gi hjelp til å redusere verknadane av dei restriksjonane som pandemien rammer åkke med. Nærare informasjon om desse tiltaka vil komme. Så får me håpe at året 2020 var annleisåret, og at me snart er attende til «normale tilstandar».

La jola 2020 bli ei fredelig jol, prega av varme og omsorg. Ta vare på kvarandre, nyt høgtida og bruk litt av den til ettertanke og takknemlighet over kor heldig me er i vårt hjørne av verda.

**Eg ynskjer dykk alle ei God og fredfull Jol. Takk for i år og eit rektig Godt nytt år!**

Helsing



*Egghjörn Aage Fausdal*

**Politiske møte, sakspapir og protokollar:** [www.bygland.kommune.no/innsyn](http://www.bygland.kommune.no/innsyn)  
Kommunestyret: 10.12. kl. 9.00. Plan, miljø- og ressursutvalet: 07.12. kl. 13.00.  
Formannskapet: 09.12. kl. 13.00

## Opningstider Bygland kommunehus

### Publikumsmottak

måndag – fredag kl. 10.00 – 14.00

**NAV:** tlf. 55 55 33 33 måndag – fredag kl. 08.00-15.00

**Rettleiingssentret på Bygland** er oppe for besøk utan avtale på torsdagar kl. 12.00-14.00

*(Red. merknad: Opningstider i jola for publikumsmottaket, NAV og biblioteket blir annonsert etterkvart.)*

**Legekontoret tlf. 37 93 47 30 - Legevakt tlf. 116117**

**Bygland legekantor**

**Sentrum 18, 4745 Bygland**

**Byglandsfjord legekantor**

**Senumsvegen 994 A, 4741 Byglandsfjord**

	Bygland	Byglandsfjord
Måndag	09.00 – 15.00	
Tysdag	09.00 – 15.00	
Onsdag	Stengt	09.00 – 15.00
Torsdag	09.00 – 15.00	
Fredag	Stengt	09.00 – 15.00
<b>Opningstider legekantoret i jola</b>		
Jolaftan	9-12 etter kl. 12 legevakt	Jolaftan
1. og 2. joledag og 27.12.	legevakt	1. og 2. joledag og 27.12.
Romjola: 28-30.12	9-15	Romjola: 28-30.12
Nyttårsaftan	9-12 etter kl. 12 legevakt	Nyttårsaftan
1. nyttårsdag	legevakt	1. nyttårsdag

### Folkebiblioteket i Bygland

	Bygland	Byglandsfjord
Måndag	11.30 – 15.00	16.30 – 19.00
Tysdag	16.00 – 19.00	10.00 – 14.15
Torsdag	14.00 – 17.00	

## Ledig stilling

### Sjukepleiar/vernepleiar - 2 faste stillingar (70% og

50%) - Bygland Kommune, Pleie- og omsorg

For å styrke teamet vårt av kunnskapsrike og dyktige tilsette, søker vi etter 2 vernepleiarar/sjukepleiarar.

Begge stillingane har fast tilsetning (70 % og 50 %). Det er ønskjeleg med tilsetning frå 1.2.21.

Stillingane har for tida arbeidsstad ved habiliteringstenesta på Byglandsfjord.

Vi tilbyr god løn (løn tilsvarende 16 års ansiennitet, p.t. 506 400 kr per år i 100

% stilling pluss tillegg). Ta kontakt med avdelingsleiar Camilla Verdal

(camilla.verdal@bygland.kommune.no) for meir informasjon.

Vi gjer merksam på at faste tilsette i Bygland kommune kan ha forsterett.

**Søknadsfrist: 03.12.2020**

Berre digitale søknader: sjå <https://www.bygland.kommune.no/> Ledige stillingar



## Nytt om namn i kommunen

- **Heidi Helle** er tilsett som reinhaldar i 70 % stilling. Ho har hovudansvaret for Bygland helsesenter, Byglandshallen og nokre andre område innan reinhaldstenesta
- **Beata Nierzwicka** har utvida stillinga si frå 70 til 100 % som reinhaldar. Ho har hovudansvaret for kommunehuset, sanitærbygget på Prestneset og nye Bygland RA og brannstasjon.

## Årsbudsjett 2021 og økonomi- og handlingsplan 2021-2024

Kommunedirektøren tilrår å endre skulestrukturen i staden for å innføre eigedomsskatt.

Formannskapet handsama årsbudsjett 2021 og økonomi- og handlingsplan 2021-2024 i møtet 18.11.20 og legg det ut til offentleg ettersyn 19.11.20. Dokumentet ligg ved sentralbord på Bygland kommunehus. Det blei ikkje gjort endringar i budsjettframlegget i møtet 18.11.20, men dei politiske partia skal handsame budsjettet i sine grupper i perioden fram mot kommunestyremøtet 10.12.20, kor budsjettet blir endeleg vedteke.

**Høringsfristen er: 8.12.2020**



## Drift og Forvaltning

- Arbeidet med å ferdigstille Bygland RA med brannstasjon nærmar seg. Det vil vere overtakingssynfaring den 25.11. Prøvedrifta er godt i gang.
- Prosjekt uteareal Bygland barnehage og Byglandsfjord oppv senter byrjar å bli ferdig. Noko finpuss med plen og små arbeid elles må vente til våren att.
- ROS – analyse har avdekket behov for fleire brannførebyggjande tiltak. 5 leverandørar er bedne om å gi pris på varmedekkersteknologi som kan varsle eventuell brann i trehusa så tidleg som råd er. Ose sentrum har t.d. fleire verneverdige trebygg i klynge.
- Arbeidet med å rehabiliterer høgdebassenget på Byglandsfjord er blitt noko utsett grunna Covid-19 situasjonen. Mål for ferdigstilling 1. juli 2021.
- Det er kome nye gateljos i Bygland sentrum. I desse er det kome teknologi som gjer at fargen i kuplane er justerbare. Førebels er me i ein prøvefase, men me har stor von om å lyse opp sentrum med julefargar fram mot jol.
- Eininga skal overta reinhaldstenesta for Byglandsheimen. Med reinhaldsleiar Hilde Helle i spissen, blir det jobba med utfordringa.
- Grunna m a Covid-19 tok det tid å få ordna eigedomstilhøva med Opplysningsvesenets fond for å kunne leggje 5-manns-bustaden Femstad ut for sal. Når skøytet er signert frå OPL, kan bygget bli annonsert.

## **Mentorordning i landbruket 2021**

Mentorordning i landbruket inneber at ein fersk bonde gjer ein formell avtale med ein erfaren kollega om å vere rådgiver og diskusjonspartnar i drifta gjennom eitt år. Du kan søke om opptak i mentorordninga eller du kan melde deg som mentor. **Søknadsfristen er 1.12.2020**




Mentorordninga starta i 2017 og var ei prøveordning fram til og med 2019. Frå 2020 blei det sett av midlar på jordbrukavtalen til ordninga. Agder har vore med heilt frå starten av prøveordninga kom i stand i 2017, og det har vore mange gode tilbakemeldingar! Les meir: <https://www.nlr.no/mentor>

## Plan og utvikling

### **Veit du om stiar som treng tilrettelegging eller andre tiltak?**

Bygland kommune inviterer alle til å kome med innspel til **sti- og løypeplanen for Bygland**. Vi har starta kartlegging av sti- og løypenettet i kommunen.



I den samanhengen ønskjer vi innspel på stiar og andre typar traséar som enten kan bli etablert eller som har behov for andre tiltak. Du kan nytte det

digitale skjemaet på kommunen si heimeside eller du kan få skjemaet tilsendt eller utdelt på kommunehuset. Dersom du ønskjer å få det tilsendt, send e-post til [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no) eller ring 379 34 700.

Fristen for å kome med innspel er forlenga til **14. desember 2020**.

## **Kommuneplanen sin arealdel: Korleis vil vi utvikle Bygland?**

Vi ønskjer brei medverknad til kommune-planen sin arealdel. På grunn av situasjonen rundt covid-19 ventar vi med å legge til rette for fysiske møte til tidlegast i januar 2021


Du kan allereie no sende inn innspel til planarbeidet. Skjema for innspel finn du på heimesida til Bygland kommune eller du kan få det tilsendt ved å kontakte oss på e-post [post@bygland.kommune.no](mailto:post@bygland.kommune.no) eller tlf. 379 34 700.



## **Helse**

### **Kommuneoverlegen informerer**

Frå 01.12. blir det innført hurtigtest. Dette er bra om det blir stort smittetrykk, men hurtigtesten erstatter ikkje den ordinære testen.



Hurtigtesten er berre ein indikasjon, og må bli fylgt opp av den ordinære testen. Der er no auke i smittetala kvar dag. Det er fokus på barnehagar, skular og institusjonar. Vi har eit sjølvstendig individuelt ansvar for å unngå smitte inn på Byglandsheimen. Der er gode rutinar.

Det er og god dialog med tenesteleiarane på oppvekstsentra.

Ein må heile tida halde motivasjonen oppe i høve smittevern. Dette er ein felles dugnad!

### **Testing i heilagdagane i jola**

Om vi får eit smitteutbrot, er det ordna med personell til testarbeid. Hurtigtestane kjem ca 1. desember og kan bli brukt i samband med smittesporing.

## **Pleie og Omsorg**

### **Oppdaterte retningsliner for besøk ved kommunale helseinstitusjonar**

Med bakgrunn i den rådande smittesituasjonen har Bygland kommune oppdatert sine retningsliner for besøk ved helseinstitusjonar.

Lenke til nasjonale tilrådingar finn du her:

<https://www.fhi.no/nettpub/coronavirus/helsepersonell/besok-kommunale-helse-og-omsorgsinstitusjoner/>



## Innleiing

Bygland kommune ønskjer å legge til rette for at bebuarane våre kan få besøk på institusjonane. Desse retningslinene er utarbeidd i tråd med FHI sine føringar og lokal risikovurdering.

Hovudregelen er at besøka skal gjennomførast slik at risikoen for at besøkande fører med seg smitte inn i institusjonen er minst mogleg.

### Før besøk:

- **Besøk** må avtalast på førehand ved at ein ringer til Byglandsheimen for å avtale tidspunkt:
  - Telefon Byglandsheimen: **94532942**
  - Ein kan avtale besøk alle dagar etter avtale med Byglandsheimen.
  - Tidsramme for kvart besøk er inntil 60 minutt.
- Tilsette vil avklare **smittestatus** (gjennomføre ei «screening») for dei besøkande
- Pårørande eller andre som er sannsynleg eller stadfesta smitta med Covid-19, kan jamfør Covid-19-forskrifta ikkje kome på besøk i institusjonane. Det same gjeld for dei som har luftvegssymptom eller er i karantene, men her kan unntak vurderast.
- **Kven kan besøke:** Nær slektning eller god ven, avgrensa opp til **5** personar utan symptom og som ikkje har vore i kontakt med kjent smitte. **NB!** Besøkande må ha vore i Noreg dei siste 10 dagane.
- Besøket skal gjennomførast primært på eigen besøksstad i sjukeheimen. Dette er for å redusere risikoen for overføring av smitte til bebuardelen på institusjonen. For bebuarar i omsorgsbustader kan besøket skje i bustaden åt den du besøkjer.
- Det blir ført logg over besøkande av omsyn til framtidig smittesporing. Loggen vil bli handsama i tråd med gjeldande retningsliner for personvern (GDPR). Det er frivillig for besøkande å gje personopplysningar for smittesporingsformål. Opplysningane blir ikkje lagra lenger enn nødvendig. For smittesporingsformål er det 10 dagar.

### Under besøk:

- Besøkande blir henta av tilsette ved hovudinngang og blir følgd til besøksstaden.
- Besøkande utfører god handhygiene før og etter besøk. Handdesinfeksjon er tilgjengeleg ved hovuddør, og samt på besøksstaden.
- Tilsette informerer besøkande korleis dei best kan beskytte seg sjølve og pasienten mot smitte ved å halde minst 1 meters avstand til andre, gå direkte til besøksstaden og ikkje opphalde seg i fellesareala.
- Om det ikkje er mogleg å halde minimumsavstand på 1 meter og fysisk kontakt må besøkande ha på seg munnbind under besøket.
- Bebuarane kan få gåver, blomar o.l., men dette må leverast til tilsette når ein møter opp. Det vil då bli gjort ei smittevern-vurdering i kvart enkelt tilfelle. Nokre



gonger kan det vere at gåva/tilsv. må desinfiserast eller vere noko tid i karantene før bebuaren får gåva.

- Om besøkjande har med mat må denne vere klar til servering. Alle som er til stades må utføre handhygiene før ein et.
- Ved besøkets slutt kontaktar besøkande tilsette ved å ringe tlf. nr. **94532942** eller ved å avtale ønskt tidsbruk. Besøkande må følgjast ut av tilsette.
- Besøkande må opphalde seg på tilvist stad, og ikkje gå rundt på institusjonen på eiga hand.

### Etter besøk:

- Felles berøringspunkt på besøksstad og ytterdør blir desinfisert av den tilsette som følgjer besøkande ut etter besøket.
- Reinholdspersonale gjer reint på besøksstaden før kvar besøksdag.
- Besøkande må gjerast kjent med at dei ved symptom på Covid-19, skal opplyse om at dei har vore på besøk i institusjon som del av smittesporinga.

### Avsluttande merknadar:

- Kommunen vil fortløpande vurdere situasjonen og justere desse retningslinene ut frå kva som er behovet. Om smittesituasjonen blir forverra, vil ein vurdere å innføre strengare restriksjonar for besøk.
- Om den ein skal besøke ikkje kan flyttas til besøksstaden, kan besøk skje på bebuaren sitt rom. Besøkande skal då ha på seg munnbind under heile besøket.

## Advents- og jolefeiring på Byglandsheimen

På grunn av Korona-pandemien kan vi diverre ikkje gjennomføre vårt vanlege advents- og joleprogram. Det er i staden laga eit alternativt program for heile desember, då vi ynskjer at bebuarane våre skal få ein fin advents- og joletid til tross for at det er pandemi.

Programmet er ikkje heilt ferdig, men vi har valt å legge det inn i Byglandsnytt likevel. Det er bebuarane sjølve som har utarbeidd programmet saman med dei tilsette. I tillegg til programmet kjem våre faste aktivitetar.

I og med at vi ikkje kan ha vårt vanlege jolebord med pårørande, har vi laga eit opplegg kor vener og pårørande (avgrensa til maks. 5 personar) kan besøke sine og bestille ein «joletallerken» på kjøkkenet i helgene i desember. Vi må ha slike bestillingar i hende seinast på torsdagar. Besøk må ein «booke» på vanleg måte i tråd med retningslinene for besøk. Dei siste retningslinene for besøk er med i denne utgåva av Byglandsnytt, og at dei ligg på kommunen si heimeside på internett.



## Aktivitetskalender for Byglandsheimen i desember 2020

Dag	Dato	Aktivitet	Kor	Klokka
tysdag	1.des	Kino: «Trollelgen» av Mikkel Fønhus	Salen	1700
onsdag	2.des	Bingo		1230
torsdag	3.des	Spelekveld, brettspel	Nystog	1630
fredag	4.des			
laurdag	5.des			
sundag	6.des			
måndag	7. des	Songstund m\Britt Haugen. Felles lunsj	Salen	1030
tysdag	8.des	Andakt Fotterapeuten kjem, timebestilling	Salen	1400
onsdag	9.des	Bingo	Salen	1230
torsdag	10.des	(Aktiviteten er enno ikkje bestemt)		
fredag	11.des	Julebord for bebuarne og konsert med pianist Knut Olav Uppstad	Salen	1700
laurdag	12.des			
sundag	13.des			
måndag	14.des	Bingo	Salen	1230
tysdag	15.des	Kino: «Bør Børson» del 1	Salen	1700
onsdag	16.des	Songstund m\Britt Haugen. Felles lunsj	Salen	1030
torsdag	17.des			
fredag	18.des			
laurdag	19.des			
sundag	20.des			
måndag	21.des	Vi syng jula inn m\ Britt Haugen	Salen	1030
tysdag	22.des	Velværedag med hår- og neglestell.	Frisørrommet	1030- >
onsdag	23.des	Jolebingo	Salen	12.30
torsdag	24.des	Jolaftan Andakt (enno ikkje avklart)	Salen	11.00
fredag	25.des			
laurdag	26.des			
sundag	27.des			
måndag	28.des			
tysdag	29.des			
onsdag	30.des			
torsdag	31.des	Godt Nyttår!		

I tillegg kjem dei faste aktivitetane våre:

- Måndag – fredag, kvar dag: Frukosthygge med høgtlesing og påfølgjande sykkeltrim
- Tysdagar og torsdagar: Gruppetrening på avd. Nystog

## Kultur

### Rydding og sal på biblioteket i desember og januar

I tida framover held vi fram med samlingsutvikling på biblioteka på Bygland og Byglandsfjord.

Da må mange bøker ut av samlinga. Kanskje er det ei eller anna bok du kan ha lyst på?



Det blir stadig nye bøker på salet framover. Prisen blir vi nok samde om. Utgangspunktet er 5 kr for kvar bok, lydbok eller dvd.

## Oppvekst

### Førjølstid ved oppvekssentra

Ved oppvekstsentra i kommunen er det snart tid for joleførebuing. Det blir ei annleis førjølstid i år, fordi vi ikkje kan blande oss på tvers eller samlast for mange, men vi skal syte for jolestemming likevel. På skulane blir det Lagedag, men berre for elevar og tilsette.

Jolefesten blir heller ikkje heilt som vanleg. Begge oppvekstsentra held ein fest for 1.-4.-trinn og ein for 5.-7.-trinn, og inviterer føresette. Desse samlingane skal gå føre seg utandørs.

For elevar i ungdomsskulen blir det joleball på Revsnes, med litt anna vri enn tidlegare år. Den tradisjonelle volleyballturneringa med ungdomsskulen på Evje er avlyst i år, men me avheld ei mini-turnering for oss sjølve.

Barnehagen på Bygland skal ha ei Lucia-samling for barn og føresette utandørs, i tillegg til nissefest for barn i barnehagen. Barnehagen på Byglandsfjord skal ha nissedag for barna. Då set dei ut graut til nissen, og reknar med at han syner seg i skogkanten og legg ut noko til barna som han plar.

Siste skuledag er **fredag 18. desember**. Skulen startar opp **4. januar**.



### Elevbedrift Bygland Interiør

*Red. merknad: Til vanleg reklamerer Byglandsnytt ikkje for produktsal. Men i tilfelle elevbedrift blir det gjort eit unntak.*

Seks elevar i 9. klasse ved Bygland skule har starta opp elevbedrifta Bygland Interiør.

Dei ynskjer å produsere og selje ulike interiørartiklar til ein hyggeleg pris.



Det første produktet er fine **lysestakane i betong**. Lysestakane kjem i ulike storleikar og kan lagast på bestilling akkurat slik du ønskjer.

Prisar: **To små 100 kr - Tre små 150 kr - Sett med 1 stor og 1 liten 150 kr**

Lysestakane kan pyntast med tråd, utan tillegg i prisen. Her kan ein sikre seg flotte jolegåver! Lysestakane kan leverast på strekinga Bygland-Evje etter avtale. Send ei melding til Anette Hovstad på Facebook eller ta kontakt på tlf 94874001 for bestilling.

### «Ung i Setesdal»

Bygland ungdomsråd arrangerte saman med lokalmedisinske tenester i Setesdal ein fagdag for ungdom med tema Ung i Setesdal.

Tale Maria Krohn Engvik opna i 2016 snapchatkontoen «Helsesista». Ho har i dag 200.000 følgjarar. Tale set fokus på tabubelagte tema som overgrep, vold, nakenbilette, sjølv mordstankar og det å ha det vanskeleg inni seg, våge å be om hjelp.

Andre tema var rus i familien. Teater Avvik syntte teaterstykket «Meg og mamma», medan NKS Veiledningssenter for pårørende - Distrikt Sør, avslutta dagen med å fortelje om lågterskeltilbodet til dei som definerer seg som pårørende av andres rusbruk eller psykiske uheld.



Helsesista med 10. klasse



... med 9. klasse og



med 8. klasse i Bygland

## Kyrkjene i Bygland

### Kyrkjekontoret i Bygland

Bygland Kyrkjelege Fellesråd  
Sentrum 18, 4745 BYGLAND  
<https://bygland.kyrkje.no/>

### Kontakt

Sokneprest: Kjell Steinbru: 473 28 472  
Kyrkjeverje: Olav Nilsen: 982 99 711  
Prostidiakon: Per Emanuelsen: 977 19 173



## Gudstenester

sundag 13.12. kl. 18.00 Sandnes kyrkje, Åraksbø

**Jol - torsdag 24.12.**

kl. 13.00 Byglandsheimen

kl. 14.30 Årdal kyrkje, Grendi

kl. 16.00 Bygland kyrkje

- **fredag 25.12.** kl. 16.00 Sandnes Kyrkje, Åraksbø

*(N.B. Med atterhald om endringar. Sjå seinare annonser i Setesdølen)*



## Bygland Frivilligsentral

**KONTAKT: Anne Fauske / Bygland frivilligsentral,**

Sentrum 18, 4745 Bygland. tlf.: 945 10 770, e-post:

post@bygland.frivilligsentral.no

**Utstyrssentralen** er open: telefon **945 02 858**

Bygland frivilligsentral (BF) har no fått godkjenning for oppstart av følgande aktivitetar:



- Seniortrening (Byglandshallen)
- Seniorsenter (pakkhuset på Byglandsfjord)
- Bingo (BF)
- Gåtur på dagtid (BF)
- Gåtur på dagtid (BF)
- Tysdagscafe (BF)
- Strikkecafe (BF)
- Spelekveld for barn/unge (BF)
- Kunstnarverkstad for barn (BF)

Informasjon om oppstartsdato og smittevernhensyn i følgje smittevernplan vil kome fortløpande på [www.bygland.frivilligsentral.no/](http://www.bygland.frivilligsentral.no/) og [www.facebook.com/bygland.frivilligsentral](https://www.facebook.com/bygland.frivilligsentral)

Me kjører framleis ut **middag** to gonger i veka, og har **føljeteneste**.

## Julegåvetre

Julegåvetreet er eit resultat av fleire samarbeidspartnarar. Evje og Hornnes Røde Kors, Evje og Hornnes Sanitetsforening, Evje Blå Kors, Byglandsfjord Grendelag, Bygland Frivilligsentral, Evje og Hornnes frivilligsentral og kyrkja i Evje og Hornnes.



Dette har vore eit tilbod på Evje i fleire år, og Bygland er no så heldig å få vere med å arrangere opplegget. Jula handler ikkje berre om gåver sjølv sagt. Men det er faktisk slik at ikkje alle kan kjøpe gåve til borna sine, eller til nokon dei er glad i, eller til seg sjølve! Dette tilbodet er til deg. Det er og til deg som har lyst

til å bidra til at andre får noko dei ønskjer seg. Alle kan melde inn ønskje, og det er heilt anonymt. Din ønskelapp kan like gjerne hamne på eit tre på Evje og inneheld berre eit anonymt løpenummer.

### Konseptet er slik:

#### Til deg som vil kjøpe ei gåve:

- Det vil stå eit juletre på Joker Bygland, på Coop Byglandsfjord, og Europris Evje og i Evje sentrum. Her kan du velje deg ein lapp, med eit ønskje som du har lyst til å oppfylle. Du kjøper gáva, og leverer den saman med lappen til ein av dei kontaktpunkta nemnt under. Hentar du lapp i Bygland, så er det naturleg å levere gáva inn til Frivilligsentralen eller Byglandsfjord grendelag. Tilrådd maks pris: 500 kr.
- Har du ikkje moglegheit til å gjere det, kan du vippse eit beløp til Evje og Hornnes Røde Kors som vil nytte det til å kjøpe inn gáver.

#### Til deg som har eit ønskje:

- Dei som ønskjer seg noko til jul, kan melde inn ønskja sine til nokon i lista under. Det kan for eksempel vere: Jente, 7 år, Lego Friends. Den som tek i mot ønsket, held alt anonymt slik at ingen veit kven som har sendt inn ønskje bortsett frå kontaktpersonen som har teieplikt.
- Både barn og vaksne kan melde inn ønskje! Me håper så inderleg at du som kjenner at dette hadde vore fint, melder det inn til nokre av kontaktpersonane under. Du treng ikkje kontakte personer i same kommune. Ta kontakt med eit av namna under!

#### Kven tek i mot ønskje/gáva?


- Karina Lislevand, Evje og Hornnes Røde kors: tlf. 905 07 228
- May Brit Stenjord, Evje og Hornnes Sanitetsforening : tlf. 489 94 455
- Harald Aas, Evje Blå kors: tlf. 951 55 500
- Evje og Hornnes Frivilligsentral: tlf. 974 18 570
- Bygland Frivilligsentral: tlf. 945 10 770, eller ønskelapp i postkasse utanfor Frivilligsentralen.
- Kirsten Lømsland, Byglandsfjord grendelag: tlf. 482 56 857

PS: du kan melde inn ønsket ditt til kven som helst. Me kan ikkje garantere at alle ønskja vert oppfylte.



#### Strøsand (singel) til eldre!

Frivilligsentralen i samarbeid med Rådet for eldre og funksjonshemma, vil i haust ha eit tilbod til dei som har vanskar med å hente sand på Nesmoen. I garasjen til



Heimesjukepleien (ved Byglandsheimen) blir det sett ned bytter med singel. Det er 12 liters murebytter. Meininga er at dersom ein treng singel til hjelp på glatta kan ein kome med ei tom tilsvarende bytte, sette den ned og ta med ei full. For kontakt må ein ringe heimesjukepleien tlf. **95234632** eller Frivilligsentralen tlf. **94510770**. Det blir bytter frå ca medio november. For å få kontroll med kven som har bytta bøtter, blir det lagt ned ei liste der ein må skrive ned namnet sitt.

**Bygland filmklubb: Program desember 2020 – Bygland kulturscene**  
sundag 13.12. kl. 17.00



**The Snowman (1982)**  
Inngang: gratis for alle  
Aldersgrense: tillat for alle

sundag 13.12. kl. 18.00

**The Nightmare before Christmas (1993)**  
Inngang: gratis og kun for medlemmer  
Aldersgrense: 18 ÅR



**Tømekalender for Bygland kommune – desember 2020**

**Papir og plast:** veke 48: tysdag 01.12.

**Matavfall og glass/metall:** veke 48: torsdag 03.12.

**Matavfall og restavfall:** veke 51: torsdag 17.12.

**Matavfall og glass/metall:** veke 53: måndag 28.12.

**Papir og plast:** veke 53: tysdag 29.12.

**Nesmoen** Gjenvinningsstasjon: kvar 2. onsdag i månaden kl. 14.00 – 18.00 (09.12.) og 4. laurdag i månaden kl. 10.00-13.00 (stengt 26.12.)

**Syrteit:** Fri levering av sortert hushaldningsavfall tysdag kl. 08.00–14.30, torsdag kl. 08.00-19.00 og 2. laurdag i månaden kl. 10.00-1300 (12.12.)

**Setesdal Miljø og Gjenvinning IKS**

e-post: [post@smg-iks.no](mailto:post@smg-iks.no) heimeside: [www.smg-iks.no](http://www.smg-iks.no), tlf.: 37 93 17 00

**Redaksjonsnotat - Byglandsnytt nr. 16:**


*Bilete: Framside: Frank Egil Reise, Innhald: Sigurd Haugsgjerd, pixabay.com, S. Hegenscheidt, Anette Hovstad, Åslaug Haugå, Anne Fauske, Evje Blå Kors, F. E. Reise, Bygland filmklubb. Red.notat og Kva skjer: S. Hegenscheidt. Tusen takk til alle fotografane! Redaksjon: Susanne Hegenscheidt - Korrektur: Mari Rygg Neste utgåve Byglandsnytt: 05. januar 2021*



**Redaksjonen ønskjer alle god jol og godt nyttår!**



**KVA SKJER I  
BYGLAND?  
Desember 2020**

	<b>ARRANGØR; STAD</b>	<b>TID</b>	<b>ARRANGEMENT</b> (med atterhald om endringar)
tysdag 01.12.	Bygland hornmusikk; Bygland kulturscene	kl. 18.30	Øving
fredag 04.12.	Bygland frivilligsentral	kl. 13 + 15.30	Kunstnarverkstad for barn: Klasse 1-3: kl. 13.00-14.30; klasse 4-6: kl. 15.00-16.30
måndag 07.12.	Bygland bygdekvinnelag; Bygland frivilligsentral	kl. 19.00	Jolemøte
tysdag 08.12.	Bygland hornmusikk; Bygland kulturscene	kl. 18.30	Øving
fredag 11.12.	Bygland frivilligsentral	kl. 13 + 15.00	Kunstnarverkstad: Kl. 1-3: kl. 13.00; kl. 4-6: kl. 15.00
sundag 13.12.	Sandnes kyrkje, Åraksbø	kl. 18.00	Gudsteneste
	Bygland filmklubb; Bygland kulturscene	kl. 17.00	The Snowman (1982)
		kl. 18.00	The Night before Christmas (1993)
fredag 18.12.	Oppvekstsentrane i Bygland		<b>siste skuledag</b>
	Bygland frivilligsentral	kl. 13 + 15.00	Kunstnarverkstad: Kl. 1-3: kl. 13.00; kl. 4-6: kl. 15.00
torsdag <b>24.12.</b>	Byglandsheimen	kl. 13.00	<b>Jolegudstenester</b> 
	Årdal kyrkje, Grendi	kl. 14.30	
	Bygland kyrkje	kl. 16.00	
fredag <b>25.12.</b>	Sandnes kyrkje, Åraksbø	kl. 16.00	

**GOD JOL OG GODT NYTTÅR!**